

1 Vedtekter for Raundalen Grunneigarlag

2 §1 Foreninga sitt namn

3 Foreninga sitt namn er Raundalen Grunneigarlag (frå no kalla «Grunneigarlaget»

4 §2 Formål og geografisk avgrensing

5 Grunneigarlaget er eit samarbeidsorgan for grunneigarar, der føremålet er å forvalta jakt- og
6 fiskeressursane og anna utnytting av utmarksområda.

7 Grunneigarar med medlemsrett i laget har areal avgrensa på fylgjande måte:

8 Følgjer Strandaelva frå det gamle skile mellom Voss og Vossestrand til Raundalselva, så oppover
9 Raundalselva til garden Mæringen, støyter til og vidare mot denne til Grettegga, følgjer så egga til
10 Horndalsnuten, Olsskavlen og Fessanuten. Vidare derifrå kommunegrensa mot Ulvik til Kleivaelva,
11 Eilevsegga og til fylkesgrensa mot Sogn. Følgjer så fylkesgrensa til Såteegga, derifrå soknegrensa mot
12 vosestrand til kaldafjellet, Strandaleitet, Reinstjørnskar og Langedalen. Derifrå den gamle
13 kommunegrensa mellom Voss og Vossestrand til Utgangspunktet.

14 Grunneigarlaget er vidare inndelt i fylgjande 6 *grendautval* (jmfr kart):

15 Mjølfjell, Reime, Kolve/Skiple, Remlo/Jonstølen, Langedalen/Reppen og Storåsen/Graueåsen.

16 § 3 Organisasjonsform

17 Grunneigarlaget er ein frittstående juridisk person med medlemmer, og er sjølveigande. At den er
18 sjølveigande inneber at ingen, korkje medlemmer eller andre, har krav på laget si formue eller
19 eigelutar, eller er ansvarlig for gjeld eller andre plikter.

20

21 §3§4 Medlemskap

22 Grunneigarar som har eigedommar, innan området som nemnd i §2, med jakt- og fiskerett er
23 automatisk medlem i laget.

24 Utmelding skal skje skriftleg med eitt års varsel.

25 Medlemmer har rett til å møta på årsmøtet, og kan evt. la seg representera ved fullmektig.

26 Fullmektig kan ikkje representera fleire enn 1 fullmakt.

27 Såleis kan ingen møta på årsmøte med meir enn 2 stemmer.

28 §4§5 Styret

29 Grunneigarlaget vert leia av eit styre på 7 medlemmer. Styret er samansett av ein representat frå
30 kvart av *grendeutvala*, pluss leiar. Leiar kan ikkje samtidig sitja som *representant frå eitt av*
31 *grendautvala*.

32 Styret er vedtaksført når minst 4 medlemmer er til stades. Gyldige vedtak vert gjort med simpelt
33 fleirtal. Ved lik røysting tel leiar si røyst dobbelt. Styret vel sjølv nestleiar, kasserar og skrivar. Det skal
34 førast møteboks som skal godkjennast og signerast av møtedeltakarane.

35 Styret sine oppgåver:

36 1. halda årsmøte og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap

- 37 2. Forvalta området sine utmarksressursar på den måten årsmøtet bestemmer. Styret skal
38 prioritera bruk av utmarka som kan skapa auka arbeid og inntekt for grunneigarane.
- 39 3. Gje uttale i viktige forvaltningssaker i laget sitt område.
- 40 4. Styret kan løyva midlar frå hovedlaget til ålmenne føremål i laget sitt område.
- 41 5. På oppdrag frå Raundalen Hjortevilltlag organisera elgjakt, ~~noko som inneber å godkjenna~~
42 ~~jaktlag og fordela tildelte dyr frå hjortviltlaget~~
- 43 6. *Grendautvala sitt styre disponerer grendelaget sine midlar.*

44 §56 Årsmøtet

45 Årsmøtet skal haldast seinast 31.august kvart år. Styret kallar inn til årsmøtet gjennom annonse i
46 lokalavisa seinast 14 dagar før møtet.

47 Årsmøtet skal:

- 48 1. Velja møteleiar og to til å underskriva møteboka
- 49 2. Handsama styret si årsmelding og rekneskap
- 50 3. Vedta kortseljarar, prisar og andre tilhøve vedkommande småviltjakta
- 51 4. Vedta prisar på elgløyve og andre tilhøve vedkommande elgjakta
- 52 5. Val av leiar for eitt år.
53 *Val av eit medlem og formann i kvart av dei seks grendautvala. Medlemmer av av*
54 *grendautvala skal vera grunneigar i nemde grend (sjå §2).*
55 *Kvart grendautval har eit styre på 3 medlemmer der eitt medlem er på val kvart år.*
- 56 6. Val av revisor
- 57 7. Val av valnemd.
58 *Valnemda ser samansett av 3 medlemmer som vert valt for 3 år om gongen. Den som har site*
59 *lengst i nemnda er leiar og er på val.*
- 60 8. Handsama andre saker som er reist gjennom året og i årsmøtet

61 Det skal førast møtebok i årsmøtet. Sakliste skal delast ut ved oppstart av møtet, *eller så vidt det*
62 *kan gjerast kjent for møtet.* Så lenge ikkje anna er bestemt, skjer alle ved på årsmøtet eller anna
63 allmøte ved simpelt fleirtal mellom dei frammøtte.

64 *Til vedtekstendring vert det kravd 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Vedtaksendring, saker av stor*
65 *økonomisk verdi og andre viktige saker for laget skal varslast ved innkallinga.*
66 *Omframnt årsmøte vert helde skulle styret ynskja det. Innkalling skjer på samme måte som for*
67 *ordinært årsmøte. Omframnt årsmøte kan berre handsama og ta avgjeresle i saker som er*
68 *kunngjort i innkalling.*

69

70 §67 Eigen disponering av jakt og fiske

71 Eit eller fleire medlemmer som ynskjer å disponera eigen jakt- og fiskerett, eller deler av denne,
72 må informera laget om dette. ~~Grunneigarlaget ynskjer ikkje slike løysingar~~

73 §7§8 Disponering av inntekter frå jakt

74 Av inntekter frå jaktkorta skal kortseljar og hovudlaget ha eit beløp pr. kort som vert fastsett av
75 årsmøtet. Resten tilfall grendautvalet. Når det gjeld Raundalskortet skal resten, etter at seljar og
76 hovudlaget har fått sitt, delast på dei 6 grendautval.

77 Nettoinntekta frå fellingsavgifta av elg tilfall hovudlaget. Inntekter frå kjøtavgifta vert fordelt på
78 grendalaga etter kvar dyra er felt, likeins med utgifter med veging og køyring. Godtgjersle til
79 samordningsleiar vert dekkja av hovedlaget.

80 Alle renteinntekter tilfall hovudlaget.

81 Andre inntekter og utgifter som gjeld lagert vert å vurdera av styret.

82 § 9 Signaturrett

83 Det er styrets medlemmer i fellesskap som innehar signaturrett i fellesskap.

84 §8§10 Oppløysing

85 Oppløysing av laget kan vedtakast med 2/3 fleirtal av eit årsmøte. Oppløysing skal varlast ved
86 utlysing av årsmøtet. Vedtak om oppløysing skal stadfestast i neste ordinære årsmøte før
87 vedtaket er endeleg. Eigelutar skal etter oppløysing tilfalla føremåla grunneigarlaget arbeider
88 for, ved at eigelutar blir gjevne ideell organisasjon som årsmøte peikar ut. Ingen medlemmer har
89 krav på Grunneigarlaget sine eigelutar eller andel av desse.

90 §9§11 Tvistar

91 Alle tvistar mellom laget og medlemmer eller mellom medlemmene innbyrdes om tolkning av
92 desse vedtektene vert avgjort med bindande verknad for alle partar (~~jmf rettargangslova sitt kap~~
93 ~~32.~~) av ein vildgiftsnemd på 3 medlemmer. Voldgiftsnemda vert samansett av årsmøtet etter
94 drøfting.

95

96